



Overgang eller undergang mellom Ospelunden og Korsnes er eit av dei viktigaste tema på neste møte

**Trafikksikringstiltak vert det neste møtetema for Uskedal Utvikling og møtet vert halde onsdag 8. april klokka 19 i Uskedalen skule (ikkje Gamleskulen). Ikkje minst viktig er trafikksituasjonen ved skulen med tanke på av- og påstigning og bringing og henting sv elevar i bussslomma. Geir S. Andreassen vil møte frå vegvesenet og Ivar Kåre Døsland frå kommunen under dette møtet der andre tema er desse:**

- \* Fartsdempande tiltak gjennom sentrum
- \* Overgang/undergang i Korsnes
- \* Veglys til Gardsbarnehagen i Dønhaug
- \* Gang- og sykkelveg frå brua til Steinsletto

Skulen, barnehagane, FAU og velforeningane vert særleg invitert til møtet.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen